

Detaljregulering for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden

Reguleringsføresegner

PlanID 1160202309

1. Siktemålet med planen

Siktemålet med planen er å leggje til rette for utvikling av framtidsretta industri tilknytt havbasert vind samt annan industribasert aktivitet tilknytt AF Offshore Decom AS sine verksemdsområde. Dette medfører behov for utviding av areal for verksemd både på land og i sjø. I tillegg skal planen leggje til rette for auka aktivitet innanfor allereie regulert areal, og også leggje til rette for vidareføring av eksisterande industriverksemd på området.

Innanfor planområdet er det regulert til følgjande formål:

Arealformål	Feltnamn
§ 12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	
Steinbrot og masseuttak under grunnen	SM
Industri	BI1, BI2, BI3
Vass- og avløpsanlegg under grunnen	VA
Industri/hamn/steinbrot og masseuttak	BKB
§ 12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Veg	o_SV1
Køyreveg	SKV
§ 12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål	
Landbruks-, natur- og friluftsmål.	L1, L2
Landbruksformål	LL1, LL2, LL3
§ 12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	
Ankringsområde	VAO
Kaste- og låssetjingsplass	VKL
Kombinerte formål	
Hamneområde i sjø / industri /ankringsområde	VKA1, VKA2
Rigg/ankringsområde	VKA3, VKA4
Ferdse/fiske og ankring	VKA5
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone/hamn på sjøbotn	VKA6
§ 12-6. Omsynssoner	
Ras- og skredfare	H310_1, H310_2, H310_3, H310_4
Flaumfare	H320
Faresone brann- og eksplosjonsfare	H350
Andre sikringssoner	H190
Bandlegging etter Lov om kulturminne	H730_1, H730_2, H730_3, H730_4
Bevaring naturmiljø – gyteområde	H560
Føresegnsområde	
Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg	#1, #2, #3
Midlertidig byggje- og anleggsområde	#100, #101

Definisjonar

Installasjonar: Er brukt til produksjon og transport av olje og gass og anna industriverksemd og vert brukt som samleomgrep for hovudsakleg følgjande konstruksjonar som skal til demontering og gjenvinning:

- Plattform
- Stålunderstell til plattform
- Lastebøye
- Rigg
- Riggskip
- Kranplattform (løfteskip)
- Skip

Komponentar: Er brukt som samleomgrep for produksjon og transport av hovudsakleg:

- Fundament til havvindturbinar
- Ferdigmonterte havvindturbinar
- Marine betongkonstruksjonar
- Andre typar komponentar

Seksjonering: Nødvendig oppdeling av installasjonar før ilandsetjing, på grunn av høgde, vekt eller storleik.

Oppankring: Er brukt for installasjonar som ligg i påvente av seksjonering og/eller forflytning til/frå miljøbasen.

Våtlagring: Er brukt for lagring av komponentar i påvente av forflytning til/frå miljøbasen og/eller transport ut av planområdet.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Støy

Støy frå industriområdet og tilhøyrande verksemd i sjø innanfor planområdet skal oppfylle grenseverdiane i tabell 2 i støyretningslinja "Klima- og miljødepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen" T-1442:2021 for nærliggjande bustadar/støyfølsame bygningar.

Støyretningslinja sine tre kvalitetskriterium for støy gjeld for nærliggjande bustadar/støyfølsame bygningar:

- tilfredsstillande støynivå innandørs
- tilgang til eigna uteopphaldsareal med tilfredsstillande støynivå
- stille side

2.2 Støv

For driftstid, mottaksmengd og lagring av avfall og utslepp til vatn og luft gjeld løyve gitt i medhald av forureiningslova.

Det skal setjast i verk tiltak for å hindre støvplager til omgivnadene til industriområdet.

Utslepp av støv som kan skade vegetasjon, vassdrag eller vere i konflikt med naboar skal unngåast. Utsleppa blir regulerte av forureiningsforskrifta kap. 29 og 30. Ved fare for støvflukt, skal det gjennomførast reinsetiltak, vatning eller andre tiltak.

Krav til støvdemping som går fram av forureiningsforskrifta kap. 30 skal gjelde for verksemda.

2.3 Massehandtering

Massar skal i størst mogleg grad gjenbrukast innanfor planområdet.

Massar som ikkje vert nytta innanfor planområdet, skal transporterast bort til godkjent lagringsplass eller til godkjente utfyllingstiltak når det kan dokumentera at massane ikkje er forureina over normverdien (jf. forureiningsforskrifta kap. 2, vedlegg 1) eller inneheld framande artar.

2.4 Grunnforhold

«Områdestabilitetsvurdering», datert 24.03.2025, skal leggjast til grunn for vidare detaljering av planlagde tiltak og opparbeiding. For konstruksjonsmessige tiltak skal det gjennomførast geoteknisk vurdering i samband med detaljprosjektering av anlegget.

2.5 Forureina grunn

Det skal gjennomførast miljøtekniske undersøkingar av aktuelle utfyllingsareal og lausmassar i området. Jf. 9.2.

2.6 Vatn, avløp og handtering av overvatn

Overvatn skal handterast lokalt innanfor planområdet. Løysing for handtering av overvatn skal prosjekterast og tilpassast drifta i industriområdet. Forureina vatn skal fordrøyast og reinsast før utslepp til resipient. Valde løysingar for handtering av overvatn skal dokumenterast i ein teknisk plan og leggjast ved søknad om tiltak.

2.7 Anleggsfase - miljøoppfølgingsplan

Det skal utarbeidast ein plan for vern av omgivnadene mot støy og andre ulemper i byggje- og anleggsfasen (miljøoppfølgingsplan). Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstider, sikringstiltak, trafikktryggleik for gåande og syklende, tiltak for å avgrense støvspreiing, tiltak for å redusere ulemper av støy og ristingar og omsyn til vern av ytre miljø. Nødvendige vernetiltak skal vere etablert før byggje- og anleggsarbeid kan setjast i gang. Jf. 9.1.

Retningslinje T-1442:2021 skal leggjast til grunn for byggje- og anleggsfasen for søknadspliktige tiltak. Jf. plan- og bygningslova § 20-1. Dersom støygrensene blir overskridne ved byggje- og anleggsarbeid skal det i miljøoppfølgingsplanen beskrivast handtering av støy og iverksetjing av avbøtande tiltak i byggje- og anleggsfasen. Arbeid som overskrid støygrensene i tabell 4 i T-1442:2021 skal ikkje skje om natta. Planen skal sendast inn samtidig med søknad om rammeløyve og oppdaterast for kvart igangsetjingsløyve der støy er relevant.

Det er ikkje tillate med sprenging og driving av pelar i sjø i gyteperioden til torsk, som er i tidsperioden 1. januar til 30. mars. I gyteperioden skal utfyllingsraten vere lågare enn årsgjennomsnittet.

Ved sprenging og peling under vatn skal det nyttast boblegardin eller anna tilsvarande støydempande/trykkdempande/avbøtande tiltak.

Under anleggsarbeidet skal det gjennomførast overvaking av partikkelkonsentrasjon i vassøyla.

Ved anleggsarbeid i nærleiken av automatisk freda kulturminne skal kulturminna gjerdast inn eller merkast av. Jf. 7.3.1.

Eksisterande vegetasjon skal bevarast så langt det er mogleg. Anleggsarbeida skal utførast på ein skånsam måte.

2.8 Kulturminne

Dersom det i samband med anleggsarbeid eller anna verksemd i planområdet blir gjort funn av automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stansast, og kulturminnemyndighetene varslast. Jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

2.9 Framande artar

Massar i området skal handterast på slik måte at ein hindrar spreieiing av framande artar.

Ved oppankring av installasjonar og våtlagring av komponentar skal det gjennomførast tiltak for å forhindre spreieiing av havnespy og andre framande artar.

2.10 Lys

Installasjonar som blir oppankra og komponentar som bli våtlagra i fjordane skal merkast med lys.

Det skal ikkje etablerast lyskjelder eller andre tiltak som kan vere til fare eller villeing for trafikk til sjøs eller i luftrommet, eller til sjenanse for ferdsel og utøving av fiske. Bruk av lys skal avgrensast til det som er naudsynt for gjennomføring av aktivitetane / tiltaka og sikker påvising av installasjonar og komponentar. Belysning skal som hovudregel vere retningsstyrt bort frå farleia.

2.11 Miljøovervaking

Det skal gjennomførast miljøundersøkingar i planområdet med sikte på å overvake og klargjere verknader for miljø og helse ved gjennomføring av planlagde tiltak.

Mattilsynet og Fiskeridirektoratet skal involverast i arbeidet med miljøovervakinga.

2.12 Tiltak og utfylling i sjø

Tiltak i sjø skal ikkje gjennomførast før det ligg føre nødvendige løyve etter forureiningslova og hamne- og farvasslova.

Utfylling i sjø skal gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til forureining av tilgrensande område.

Før det blir gitt løyve til utfylling ved Rauneskaia, skal Vindafjord kommune uttale seg om eventuelle konsekvensar for kommunaltekniske anlegg i området.

2.13 Byggjegrense mot sjø

Byggjegrense mot sjø er samanfallande med ytre formålsgrænse for BKB (industri/hamn/steinbrot og masseuttak), BI1 og BI3 (industriformål) og for nye landfeste i L2. og gjeld ikkje for landfeste (jf. 8.3).

3. Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1 Steinbrot og masseuttak (SM) under grunnen

Innanfor området kan det etablerast fjellkaverer.

3.2 Industri (BI1-2)

Områda skal nyttast til industriformål. Innanfor områda er det tillate med bygg for industri- og lagerverksemd, administrasjon og kontor for tilsette. Det er tillate å etablere overnattingsfasilitetar knytt til drift av anlegget. Det kan etablerast anleggsvegar, driftsvegar og parkeringsplassar internt på områda.

Innanfor områda kan det etablerast nettstasjon. Plassering må avtalast med netteigar.

Permanente bygningar kan ha maksimal høgde på inntil 30 meter. Andre einskilde installasjonar og midlertidige element, som til dømes kranar og vindturbinar, kan ha maksimal høgde opp til 300 meter.

Maks tillaten tomteutnytting for industriområde BI1-2 er BYA (bebygd areal) = 80 %.

I samband med byggjesøknad skal det utarbeidast utomhusplan som viser høgder, plassering av bygningar, trafikkareal, kaianlegg, grøntanlegg og liknande.

Det skal opparbeidast tilstrekkeleg parkeringsareal for drift av anlegget.

Utomhusområde skal opparbeidast og skjøttast slik at dei framstår som ryddige.

3.3 Industri (BI3)

Innanfor området er tillate med bruk og vedlikehald av eksisterande landfeste.

3.4 Vass- og avløpsanlegg (VA)

Innanfor området kan det etablerast fordrøyingsbasseng tilknytt vassreinseanlegg i området.

3.5 Industri/hamn/steinbrot og masseuttak (BKB)

Innanfor området er det tillate med bygg for industri- og lagerverksemd. Det kan etablerast kaianlegg og utførast utfylling i sjø. Jf. 6.12.

Lekterar og installasjonar kan fortøyast til kaianlegget. Det er tillate med lagring av komponentar inntil kaianlegget (inkl. lekterar) for montering av havvindturbinar.

Det kan etablerast fjell- og lausmasseskjerar. Fjellskjerar skal tilstrebast utført som palleteinn. Skjerar skal gjerdast inn og sikrast.

I området er det tillate med uttak av massar. Jf. 8.1.

Det kan etablerast anleggsvegar og driftsvegar internt på området.

Under bakkenivå er det tillate med etablering av kaverer og fordrøyingsbasseng. Jf. 3.1 og 3.4.

Maks tillaten tomteutnytting for området er BYA (bebygd areal) = 80 %.

Innanfor området kan det etablerast nettstasjon. Plassering må avtalast med netteigar.

4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

4.1 Veg (o_SV1, SKV)

Kryss og avkjøringar skal opparbeidast slik at dei tilfredsstiller krava i vegnormalane.

5 Landbruks-, natur- og friluftformål (§ 12-5 nr. 5)

5.1 Landbruks-, natur- og friluftformål (L1-3 |)

5.1.1 Landbruks-, natur- og friluftformål (L1)

Arealet skal fungere som vegetasjonsskjerm mot industriområdet. Eksisterande vegetasjon i området skal bevarast. Eventuell revegetering skal bestå av stadeigne arter.

Innafor området er det tillate med etablering av rassikring (i form av skredvoll og/eller fanggjerdje). Terrenngrep skal avgrensast til det som er naudsynt for rassikringstiltaket og så mykje som mogleg av vegetasjonen skal behaldast.

Under bakkenivå er det tillate med etablering av kaverer og fordrøyingsbasseng. Jf. 3.1 og 3.4.

5.1.2 Landbruks-, natur- og friluftformål (L2)

Innafor områda er det tillate med etablering og vedlikehald av landfeste. Jf. 8.3.

5.1.3 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (L3)

Innanfor områda er tillate med bruk og vedlikehald av eksisterande landfeste.

5.2 Landbruksområde (LL1-3)

Områda skal nyttast til landbruksføremål. Bygningar og faste anlegg eller innretningar kan berre tillatast når dei har direkte tilknytning til drift av landbruksareala.

Alle utbyggingstiltak i landbruksområde LL1 og LL2 skal godkjennast av kulturminnemyndigheitene.

6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

Fellesføresegner

6.1 Oppankring og forflytning av installasjonar

Innanfor planområdet er det tillate med oppankring av installasjonar. Det er tillate med oppankring av maksimalt fire installasjonar, der to installasjonar kan vere oppankra i samband med industriell aktivitet og to kan vere oppankra i påvente av forflytning til/frå miljøbasen. Det totale talet på oppankra installasjonar i VKA2-3 skal ikkje overstige to. Maksimal liggjetid for oppankra installasjonar skal vere seks månader.

Oppankring av installasjonar i samband med industriell aktivitet er tillate i felt VKA1-2. Når det er to installasjonar inne på ein gong, skal den eine liggje i VKA1.

Oppankring av installasjonar i påvente av forflytning til/frå miljøbasen er tillate i felt VKA1-4. Når det er to installasjonar inne på ein gong, skal den eine om mogleg liggje i VKA1 eller VKA4.

All lokalisering som ikkje er ved basen skal skje i dialog med Fiskeridirektoratet og aktuelle fiskarlag.

6.2 Våtlagring av komponentar

Det er tillate med våtlagring av komponentar i planområdet.

Våtlagring av komponentar skal samlokalisertast der det er mogleg.

Lokalisering for våtlagring skal skje i dialog med Fiskeridirektoratet og aktuelle fiskarlag. Plassering av komponentar med tilhøyrande fortøyingssystem skal registrerast i Barents Watch eller tilsvarande digitalt system.

Kystverket skal involverast før komponentar skal fraktast ut av planområdet.

6.3 Tryggleik under pågåande aktivitetar i sjø

For marine operasjonar og andre aktivitetar som krev ein ekstra sikringsmargin rundt fartøy/installasjonar/komponentar, kan Kystverket påleggje nødvendige restriksjonar på ferdsel og annan bruk.

6.4 Restriksjonar på framkomst

Aktivitetar i sjø skal planleggjast slik at dei kjem i minst mogleg konflikt med framkomst i farvatnet/bileia i Yrke- og Vatsfjorden. Jf. Forskrift om farleier, samt referanseruter for navigasjon.

Ved oppankring/våtlagring som får følgje for merkesystemet/kvitsektorane til navigasjonslykter i fjordområdet, skal det etablerast nye navigasjonsinnretningar for å ivareta framkomst i området. All endring av merkesystemet skal skje i dialog med Kystverket.

Det skal innhentaast løyve frå Kystverket før det kan leggjast restriksjonar på framkomsten i farvatnet. Dersom Kystverket finn det nødvendig, skal restriksjonar kunngjerast. Behov for restriksjonar skal varslast verksemdar som kan bli berørt.

6.5 Utnyttingsgrad

Inntil 10 % av planområdet kan nyttast samtidig i samband med oppankring/våtlagring av installasjonar og komponentar. Dette gjeld arealbeslag over vasslinja, og ikkje ankringssystem under sjøoverflata. Tiltakshavar skal dokumentere arealbruken før oppankring av installasjonar eller våtlagring av komponentar.

6.6 Fortøyingssanalyse

Ved oppstart av prosjekt med oppankring av installasjonar/våtlagring av komponentar skal det gjennomførast ein fortøyingss-/moringsanalyse. Analysen skal sikre at fortøyingssmetode vert tilpassa det aktuelle prosjektet og vurdere konsekvensar for framkomst og påverknad frå vær, vind, straumforhold på installasjonar/komponentar.

Føresegner til arealformål

6.7 Ankringsområde (VAO)

Innanfor området er det tillate med våtlagring av komponentar, med unntak av ferdigmonterte havvindturbinar. Området skal berre nyttast dersom kapasiteten i felt VKA4 er fullt utnytta.

6.8 Kaste- og låssetjingsplass (VKL)

Området er regulert til kaste- og låssetjingsplass. Det er ikkje tillate med tiltak som kan vere til hinder for bruken av arealet som låssetjingsplass. Våtlagring i området skal avklarast med lokale fiskarar.

6.9 Hamneområde i sjø/industri/ankringsområde (VKA1 og VKA2)

Seksjonering av installasjonar skal gjennomførast med dertil eigna utstyr og materiell med sikte på å minimere opphaldstid og aktivitet på sjøen. Seksjoneringa skal avgrensast til det som er naudsynt for ilandsetjing på industriområdet. Farleg avfall skal vere sikra eller fjerna før installasjonen kjem inn i planområdet. Fysiske barrierar eller organisatoriske tryggingssystem skal vere etablert for å førebyggje og hindre utslepp. Minst to uavhengige barrierar skal vere på plass før arbeidet med seksjonering startar.

Det skal maksimalt vere oppankra to installasjonar samtidig i samband med industriell aktivitet. Jf. 6.1.

I tillegg til installasjonar oppankra i samband med industriell aktivitet, er det tillate at to installasjonar ligg oppankra i påvente av forflytning til/frå miljøbasen. Jf. 6.1.

6.9.1 Hamneområde i sjø/industri/ankringsområde (VKA1)

Følgjande industrielle aktivitetar kan utførast i området:

- Seksjonering av stålunderstell plassert på sjøbotnen for vidare gjenvinning på land
- Tilpassingsarbeid på sjøbotnen for plassering av plattformunderstell og kranplattform
- Midlertidig plassering av undervassinstallasjonar på botnen før ilandføring
- Seksjonering av flytande installasjonar for vidare gjenvinning på land
- Oppgradering/komplettering av riggar og andre flytande konstruksjonar- Operasjonar knytt til produksjon og montering av komponentar
- Bruk av lekterar til produksjon av fundament og montering av havvindturbinar eller andre komponentar
- Våtlagring av komponentar

6.9.2 Hamneområde i sjø/industri/ankringsområde (VKA2)

Følgjande industrielle aktivitetar kan utførast i området:

- Seksjonering av flytande installasjonar for vidare gjenvinning på land
- Oppgradering/komplettering av riggar og andre flytande konstruksjonar
- Våtlagring av komponentar

6.10 Rigg-/ankringsområde (VKA3-4)

Installasjonar kan liggje oppankra i områda i påvente av forflytning til/frå miljøbasen. Jf. 6.1.

6.10.1 Rigg-/ankringsområde (VKA3)

Det er tillate med våtlagring av komponentar i sjøarealet i påvente av forflytning til/frå miljøbasen. Jf. 6.2.

6.10.2 Rigg-/ankringsområde (VKA4)

Det er tillate med våtlagring av komponentar, med unntak av ferdigmonterte havvindturbinar, i påvente av forflytning til/frå miljøbasen.

6.11 Fiske/ferdsel og ankringsområde (VKA5)

Det er tillate med våtlagring av komponentar i påvente av forflytning til/frå miljøbasen og/eller transport ut av planområdet. Jf. 6.2.

6.12 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone/hamn (VKA6)

Innanfor området er det tillate med mudring og utfylling i sjø.

Ved utfylling i nærleiken av Raunesbekken sitt utløp skal behov for erosjonssikring vurderast.

Utfylling i sjø er berre tillate med reine massar. Det skal setjast i verk tiltak for å hindre spreiring av finpartiklar og for å samle opp plast og anna avfall.

Før det kan gis løyve til utfylling i sjø, skal det føreliggje geoteknisk dokumentasjon av grunnforhold og stabilitet. Konkrete tilrådingar i «Områdestabilitetsvurdering» datert 24.03.2025 skal følgjast opp i detaljprosjektering og utføring. Jr. 2.4.

7. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

7.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

7.1.1 H310_1 Ras- og skredfare

Innanfor omsynssona skal det takast omsyn til rasfare. Fare for steinsprang og eventuelle avbøtande tiltak skal avklarast i samband med lokalisering av installasjonar eller komponentar og etablering av kaianlegg.

7.1.2 H310_2-4 Ras- og skredfare

Det er ikkje tillate med tiltak innanfor omsynssonene utan dokumentasjon på at tilfredsstillande tryggleik mot ras/skred er ivaretatt. Dette gjeld også tiltak som ikkje er omfatta av plan- og bygningslova.

7.1.3 H350 Brann- og eksplosjonsfare

Innanfor vist faresone skal våtlagring av komponentar avgrensast så mykje som mogleg.

7.1.4 H320 Flaumfare

Sona omfattar aktsemdsområde for flaum. Ved tiltak i området skal det takast omsyn til flaumfare. Naudsynte sikringstiltak skal vurderast og eventuelle sikringstiltak skal etablerast.

7.1.5 H190 Sikringssone referanseruter

Sona omfattar referanseruter for navigasjon for skipstrafikk. Oppankring av installasjonar og våtlagring av komponentar i området krev løyve frå Kystverket.

7.2 Særlege omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c)

7.2.1 Bevaring naturmiljø – gyteområde (H560)

I sona for gyteområde skal det ikkje skje oppankring eller seksjonering av installasjonar i perioden 1. januar – 30. mars. Våtlagring av komponentar kan tillatast i denne perioden. Lokalisering skal skje i dialog med Fiskeridirektoratet og aktuelle fiskarlag.

7.3 Bandlagde område eller bandlegging i påvente av vedtak (§ 11-8 d)

7.3.1 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730_1-4)

Dei freda kulturminna ID 54521 (H730_1), ID 66068 (H730_2), ID 72597 (H730_3), ID 35190 (H730_4) er bandlagde etter kulturminnelova. Alle inngrep i grunnen, utanom ordinær jordbruksdrift. Jf. kulturminnelova § 3 andre ledd, eller andre tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

I bandleggingssone H730_4 er det tillate med reparasjon av eksisterande transformatorstasjon.

8. Føresegner til føresegnsområde

8.1 Masseuttak (#1)

Innanfor føresegnsområde #1 er det tillate med uttak av massar.

Før uttak av lausmassar frå området skal det gjennomførast miljøtekniske grunnundersøkingar.

8.2 Kaianlegg (#2)

Innanfor føresegnsområde #2 er det tillate med tilpassingar på plassering av regulerte kaianlegg. Det er ikkje tillate med større dimensjonar på kaianlegg enn vist i plankart.

8.3 Landfeste (#3)

Innanfor føresegnsområda #3 er det tillate med etablering av landfeste for oppankring av installasjonar og våtlagring av komponentar i sjø. Ferdigstøyppt landfeste skal ha maksimal breidde og lengde på 3 x 4 meter.

Før etablering av nye landfeste skal tilgrensande sjøområde kartleggjast for sukkertare. Før etablering av landfeste innanfor område omfatta av faresone H310_1 skal risiko for skredfare vurderast.

Etablering av nye landfeste skal avklarast med grunneigar.

8.4 Midlertidig byggje- og anleggsområde (#100-101)

8.4.1 Midlertidig byggje- og anleggsområde #100

Området kan nyttast i samband med massetransport.

I områda er det tillate med utfylling i sjø i samband med etablering av kaianlegg. Jf. 2.7.

9. Rekkjefølgjeføresegner

Ved kulturminne ID 54521 i LL2 skal det setjast opp ein forstøttingsmur som hindrar utrasing og erosjon frå gravrøys. Forstøttingsmur skal vere ferdigstilt innan to år etter at reguleringsplanen er vedtatt.

9.1 Før rammeløyve

Før rammeløyve kan gis skal følgjande føreliggje:

- Supplerande geotekniske grunnundersøkingar i utvalde område, Jf. «Områdestabilitetsvurdering» datert 24.03.2025. Jf. 2.4.
- Ingeniørgeologisk vurdering for sprengingsarbeid og sikringstiltak.
- Miljøoppfølgingsplan for anleggsperioden. Jf. 2.7.
- Berørte område i sjø vere kartlagde for kulturminne, Jf. undersøkingsplikt i kulturminnelova § 9.
- Støyfagleg utgreiing og nødvendig dokumentasjon på at støy frå aktivitetar i driftsfase i planområdet tilfredsstiller grenseverdiane i T-1442:2021.
- Utomhusplan som viser høgder, plassering av bygningar, trafikkareal, kaianlegg, grøntanlegg og liknande.

9.2 Før igangsetjingsløyve

Før igangsetjingsløyve kan gis skal følgjande føreliggje:

- Ved utfylling i sjø skal det føreliggje løyve frå relevant myndigheit.
- Naudsynte sikringstiltak mot ras- og skredfare skal detaljprosjekterast og utførast før igangsetjing av tiltak som krever sikring etter krava i TEK17.
- Før løyve kan gis for uttak av lausmassar frå føresegnsområde #1 skal miljøtekniske undersøkingar vere gjennomført. Det skal føreliggje eit masseregnskap med konkrete tiltak for handtering av eventuelle overskotsmassar. Ved handtering av eventuelle overskotsmassar utanfor planområdet, skal konsekvensar for transport, forureining og eventuelt andre relevante tema dokumenterast.
- Ved påvist forureining i lausmassar og utfyllingsareal skal tiltaksplan for handtering av forureina grunn, i tråd med forureiningsforskriftas kapittel 2, vere godkjend av forureiningsmyndigheita.
- Godkjend teknisk plan for vatn, avløp og handtering av overvatn. Planen skal godkjennast av Vindafjord kommune.

9.3 Før bygning blir tatt i bruk

Før bygning blir tatt i bruk skal det føreliggje:

- Nødvendige utsleppsløyve etter forureiningslova.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

- Områdestabilitetsvurdering, datert 24.03.2025
- Støyutredning, datert 25.03.2025

Siste oppdatering: 30.05.2025